


Installering av MATLAB



MATLAB er ei korting for Matrix Laboratory – «matriselaboratorium». Det kan brukast til mykje som har med tal og matematikk å gjere. Ein del av dette skal lære i dette kurset.

Vi installerer MATLAB frå MathWorks si eiga side, [mathworks.com](https://www.mathworks.com). MathWorks er selskapet som har laga, utviklar og sel MATLAB – i tillegg til andre applikasjonar.

Før vi får installert, opprettar vi ein konto på nettsida deira, [mathworks.com](https://www.mathworks.com). Velg «Create Account» oppe i høgre hjørne. Når du blir bedt om å gi e-post-adressa di, er det viktig at du brukar HiOA-adressa di (s????@stud.hioa.no). Om du vél ei anna, privat adresse, vil det ikkje fungere. Vidare skal du på spørsmålet «How will you use MathWorks software?» svare «Academic use (including campus/site license use)» - du skal **ikkje** velge «**Student use ...**». Du vil no få tilsendt ein e-post til den adressa du oppgav; opne denne og stadfest at e-post-adressa er di. Du vil no bli bedt om å fylle inn namn og eit par andre opplysingar. Til sist blir du bedt om å gi *aktiveringsnøkkel*, «*activation key*». Denne er:

11110-78942-32755-88470-28494

Kopiér inn denne og klikk deg vidare.

For å laste ned sjølve programvara, kan du klikke deg vidare til «*My account*» og klikke på «*Download Products*» og følg instruksjonane. For Windows køyrer du «*setup.exe*», for Mac vél du «*InstallForMacOSX*» og Linux-brukarar vél «*install.sh*». Under installeringa skal du spesifisere at du skal installere via internett. Du vil også bli bedt om å spesifisere kva for programpakker du vil ha med. Standardvalet, *default*, er at ein tar med alle pakker som lisensen inkluderer. Før sjølve installeringa startar, blir du bedt om å spesifisere kva mappe du vil at MATLAB skal bli lagra i. (Det vil nok bli føreslått ei mappe, du kan godt berre velje den.)

Heilt til sist skal programvara *aktiverast*. Dette skjer i ein eigen dialogboks som heiter «*MathWorks Software Activation*».

MATLAB kan installerast på fleire maskinar.

Nokre moglege problem som kan dukke opp:

Dersom datamaskina di eller brukarkontoen din har eit namn som inneheld mellomrom eller «æ», «ø» eller «å», kan du få problem med installeringa. Det har også hendt at Mac-brukarar har måtta justere på sikkerheitsinnstillingane for å tillate nedlastinga. Dersom maskina di har relativt lite ledig minne, kan installeringa bli for stor. I så fall: I staden for å velje alle programpakkar, «*Typical*», hukar du av berre sjølve MATLAB. Dette vil uansett vere nok i samband med matematikk 1000-kurset.

Ikkje ver redd for å ta kontakt dersom du skulle få problem med installeringa.

-Sølve Selstø